

Kinn idrettsråd sin uttale til samfunnsdel til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn kommune.

Kinn idrettsråd viser til framlagt forslag til samfunnsdel til kommuneplanen 2024-2036 under Kapittel 2 Attraktiv kommune i omstilling, punkt 2.5 mål for utvikling under satsingsområdet attraktive kommune og under satsingsområdet omstilling.

For å klare å oppfylle krava til auka fysisk aktivitet og inkludering av alle til kulturliv og fritidsaktivitetar samt å skape ein kultur for fysisk aktivitet og gje **alle** moglegheit til å ha eit aktivt liv uavhengig av eigne føresetnader og livssituasjon trengs det ei endring frå dagens situasjon i idretten i Kinn.

Idretten i Kinn kommune treng **fleire aktivitetsflater** og vi treng at det er **gratis å låne** dei flaten som ein treng for å nå både hovudmål og delmål i den føreslegne samfunnsplanen. **Flater skaper aktivitet.** For at vi skal gje alle moglegheit til å finne sin idrett må det leggest til rette for det av Kinn kommune.

Det er ikkje slik at ein treng fullskala handballbane eller fullskala fotballbane for å stette alle idrettane sine behov. Nokre av idrettane treng mindre både areal og takhøgde enn andre idrettar. For nokre er det nok med 150 m2 eller mindre, medan andre idrettar igjen treng 800m2 (handballhall) eller 7140 m2 (fotballbane 11èr).

Idretten i Kinn synes det er viktig at gymsalane på skulane fortsatt er tilgjengeleg gratis for idretten i Kinn kommunen , men vi treng dei same forutsetningane når det gjeld alle idrettsflatene i kommunen.

Kinn idrettsråd har og sett på satsingsområde omstilling i 2.5 Mål for utvikling. Der har vi sett på hovudmålet om likeverdig ressurseffektive tenester og korleis ein kan jobbe systematisk med medverknad. Under fana for delmål vil planen styrke og sikre føreseielege samarbeidsstruktur for frivilligheita. Planen seier og noko om at dei frivillige organisasjonane blir anerkjent som viktige samfunnsaktørar, som tilbyr kunnskap, utstyr og frivillig innsats. Mykje av den frivillige innsatsen i idrettslaga går blant anna med til å tene pengar for klubben sin, slik at klubben blant anna skal få dekkja baneleige og hall leige. Det kan være kiosk, frivillig på arrangement, sponsor virksomhet, innsending av søknadar til forskjellige private og offentlege instansar for å skaffe midlar og sal av forskjellige som skal gå til idrettslaget eller til grupper i idrettslaget. "Rest frivilligheita" blir satt på ei hard prøve.

Om idrettslaga ikkje betalte for halleige og baneleige vil det være enklare for idrettslaga å være meir deltakande i det som er kjernevirksomheta til eit idrettslag.

Det å drive med idretten sin. Men og å legge til rette for at enda fleire vil og kan være med.

Oppsummert kan vi sei at idretten i Kinn kommune treng

- **Gratis hall/bane leige**
- **Fleire idretts flater**

Florø 29.09.2024

**Årsmøte
Kinn idrettsråd**